



Arkivnr: 2019/162-1  
Saksbehandlar: Elin Molven Wilhelmsen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		19.03.2019

## Driftsstønad til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar. Retningslinjer.

### Samandrag

I ordninga *Driftsstønad til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar* vert stønaden berekna ut i frå medlemstal, geografisk breidde, ungdomsmedverknad mv. Slik vert dei fylkeskommunale midlane i denne ordninga reine driftsmidlar utifrå ei kvantitativ fordeling og ikkje ei blanding mellom driftsmidlar og aktivitetsstøtte slik det var tidlegare. Aktivitet må liggje i botnen i organisasjonen for å verte tilrådd driftsmidlar, men ei kvalitativ vurdering ligg ikkje lenger til grunn for deler av midlane. Tilskot til eigne prosjekt kan organisasjonane søkje under *Prosjekttilskot: Kultur - amatør*.

I KIRU sitt møte 26.04.2017 i PS 54/2017 vart nye retningslinjer for ordninga handsama og sist endra.

Endringar i EUS personvernforordning medfører at fylkeskommunen ikkje har ein klar lovheimel til å krevja inn medlemslister frå søkjarorganisasjonane. På bakgrunn av dette er det naudsynt å endra retningslinjene til ordninga punkt på 5. C og koma med eit nytt punkt 5. D.

**Økonomi:** Løyvinga vert teke frå budsjetterte tilskotsmidlar.

**Klima:** Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at saka har relevans for t.d. klimaavtrykk.

**Folkehelse:** Viktig tiltak for mange barn- og unge i Hordaland fylke.

**Regional planstrategi:** Tilskotsordninga er sentral for å følgje opp viktige satsingar i Regional kulturplan 2015-2025 PREMISS: KULTUR.

### Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtek endringane i retningslinjer punkt 5. C og nytt punkt 5. D for *Driftstilskot til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar*, slik dei er framlagt av saka.
2. Retningslinjene vil gjelde frå og med 2019.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å fordele tilskotsmidlane etter desse retningslinjene.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 01.03.2019

Utgangspunktet etter forvaltningsloven er at søkjar er ansvarlig for å dokumentere sin søknad, slik at forvaltninga kan behandle denne. Dette er det generelle utgangspunktet for offentlig sakshandsaming og så stiller personvernlovgivinga nokre eigne vilkår for innsamling av personopplysningar. Endringar i EUS personvernforordning medfører at fylkeskommunen ikkje har ein klar lovheimel til å krevja medlemslister frå søkjarorganisasjonane. På bakgrunn av dette ser fylkesrådmannen det som naudsynt å endra retningslinene til ordninga *Driftsstønad til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar* punkt 5. C og koma med eit nytt punkt 5. D.

Medlemslister kan ha betydelige personvernkonsekvenser. Medlemskap i ideelle organisasjonar kan fortelja noko om medlemmene, hjertesaker, interesser eller meiningar og tidvis indirekte noko om sensitive personopplysningar (eksempelvis religion). Dette medfører at dei som gjev slik informasjonen og dei som samlar den inn skal ha lovleg grunnlag for det. Samtidig bør det også væra bevisstheit om kvar slike opplysningar lagrast, kven som har tilgang, når dei eventuelt skal slettast mm. Derfor er det gode grunner for at offentlege organ ikkje hentar inn medlemslister eller anna informasjon av denne typen utan at det er heilt naudsynt.

Ei god forvaltninga i denne saka er å be om medlemstall og ikkje medlemslister. Tilskotsordninga er bygt på tillit og samstundes kjem det tydeleg fram i mellom anna søknadsskjemaet at det *kan* bli kontroll av medlemstalla (at det er reelle medlemstall bak desse) og at søkjar er pliktig til å dokumentere dette på førespurnad. Det kjem også tydeleg fram at ukorrekte tall vil kunne medføre at heile eller deler av støtta fell bort. Me treng ikkje medlemslister for å koma fram til ein korrekt fordeling, då me er klar over at slike lister også kan konstruerast. Medlemstall er nok i høve utrekning av fordelinga. Det må også takast stilling til kva me gjer med listene når dei er samla inn. Kvar skal dei lagrast, kven skal ha tilgang, skal dei slettast og eventuelt når eller om dei skal arkiverast.

## Retningslinjer for Driftsstønad til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar

### 1. Føremål

Føremålet med denne driftstilskotsordninga er å leggje til rette for barn og ungdom si deltaking og engasjement i organisasjons- og samfunnslivet. Ordninga skal stimulere organisasjonane til engasjement og medansvar, og sikre organisasjonane som arena for medråderett, ytringsfridom og demokrati for barn og ungdom.

Driftstilskotet skal styrke organisasjonsutvikling for barn og unge i organisasjonar som består av aktivt fungerande medlemmer og der medlemmene sjølv står for utøving av verksemda. Driftstilskotet skal auke barn og unge sine moglegheiter til deltaking, medverknad, ansvar, engasjement, samfunnsinnsikt og positiv livsoppleving ved deltaking i barne- og ungdomsorganisasjonar, og styrke desse som demokratiske verksemder.

### 2. Kven kan søkje

Organisasjonar som kan ta i mot driftstilskot må vere frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar med regionalt virke (sjå nedanfor) og med minst 50 teljande medlemmer totalt i Hordaland fylke. *Godkjent medlemstall er tal på medlemmer som har betalt årskontingent i løpet av føregående kalenderår. Eit teljande medlem er ein person som pr. 31. desember i føregående år er under fylte 26 år. Regionalt virke inneber at organisasjonen kan vise til aktivitet i minst 3 kommunar i Hordaland.*

For å vere definert som ein friviljug barne- og ungdomsorganisasjon under denne ordninga må organisasjonen leggje til rette for at dei unge medlemmane gjennom eigen aktivitet får høve til å utvikle seg innanfor organisasjonen sitt virkefelt.

### 3. Kva kan støttast

Driftstilskot kan tildelast frivillige organisasjonar med regionalt virke som ved sine vedtekter:

- a) har eit tydeleg føremål, sjølvstende, organisasjonsform og oppbygging for fylkesledd/regionalledd, eventuelt også lokalledd og sentralledd dersom organisasjonen har det,
- b) kan vise til at organisasjonen arbeider for barn og ungdom med tema som gjeld barn og ungdom, og har barn og ungdom som deltakarar i sine aktivitetar,
- c) kan vise til at organisasjonen har ein ideell (ikkje-kommersiell) målsetjing og fremme føremålet i ordninga,
- d) kan vise til at eit eventuelt overskot vil kome organisasjonen eller andre samfunnsnyttige føremål til gode,
- e) er i samsvar med norsk lovgjeving,
- f) ikkje skaper hinder for full deltaking for barn og ungdom frå alle samfunnsgrupper, uavhengig av kjønn, etnisitet, nedsett funksjonsevne eller seksuell orientering, samt oppfordrar til minst 40 % representasjon av begge kjønn i styrande organ,
- g) sikrar at også medlemmer under 15 år har arenaer / organ der dei kan fremje sine synspunkt eller øve innverknad over arbeidet i organisasjonen, og
- h) kan vise til at organisasjonen har ei nettverksrolle eller er ei paraplyordning for andre grupper / lokallag i Hordaland

*Følgjetekst til f):*

Når det gjeld medlemskap, er det høve for at ein organisasjon kan avgrense medlemskap til dei som sluttar seg opp om organisasjonen sitt livssyn eller verdigrunnlag. Til dømes vil ein religiøs organisasjon ha høve til å avgrense medlemskap til dei med same religiøse livssyn, og ein organisasjon som kjemper mot rusmidlar vil kunne krevje at medlemmene skal ta full avstand frå rusmidlar. Når det gjeld val av tillitsvalte i organisasjonen, og arrangement / kurs o.a. i regi av organisasjonen, så kan ikkje ein person vere diskvalifisert på bakgrunn av sine mest personlege og eventuelt medfødte eigenskaper, slik som kjønn, etnisitet, seksuell legning eller nedsett funksjonsevne.

### 4. Kriteria for å motta driftstilskot

- A. Organisasjonen må ha minst 50 teljande medlemmer totalt i Hordaland fylke
- B. Teljande medlemmer må betale årskontingent til organisasjonen
- C. Organisasjonen må ha eit demokratisk avgjerdssystem som fremmer medlemmene sine interesser. I ein organisasjon som vert tildelt driftstilskot skal alle medlemmer over 15 år ha lik rett til påverknad i dette avgjerdssystemet, og dermed lik rett til å bli valt inn i dei organ organisasjonen har
- D. I organisasjonar der medlemmer under 26 år utgjør mindre enn 50 % av det totale medlemstalet, må organisasjonen ha eit eige styre for barne- og ungdomsarbeidet
- E. Organisasjonen må ha organisasjonsnummer, eiga budsjett, årsmøtevalt styre og handsame styret sitt årsrekneskap og årsmelding. Organisasjonar som skildra i punkt D. må ha årsmelding for barne og ungdomsarbeidet
- F. Dersom organisasjonen har fleire enn eitt regionalledd i Hordaland, vil det vere øvste leddet i Hordaland som er rett mottakar av driftstilskotet

### Organisasjonar som fell utanfor denne ordninga / Det vert ikkje tildelt støtte til:

1. Organisasjonar som har idrett/sportslek eller mosjon som sin hovudaktivitet
2. Organisasjonar som har kommersielle aktivitetar som sin hovudaktivitet
3. Organisasjonar som har diskriminerande innhald i sine vedtekter og / eller aktivitetar
4. Organisasjonar med tidsavgrensa føremål
5. Særorganisasjonar for barn og unge under utdanning
6. Organisasjonar som har aktivitetar som er knytt til eller integrert i utdanningstilboda si undervisning
7. Organisasjonar som får driftstilskot etter budsjettvedtak i Hordaland fylkeskommune

### 5. Krav til søknaden

- A. Søkjar må nytte nettbasert søknadsskjema.
- B. Søknadsfrist er ein gong kvart år. Organisasjonar som leverer søknad etter søknadsfrist vil ikkje verte handsama til vurdering av driftstilskot det året.
- C. Søkjar skal leggje ved siste godkjente årsmelding, rekneskap og vedtekter for organisasjonen.

- D. Søkjar skal gje opp organisasjonen sine medlemstall i søknaden. Ved kontroll skal fylkeskommunen kunne krevja innsyn i organisasjonane sine medlemslister.

#### **6. Berekning av driftstilskot**

Driftstilskotet vert rekna ut frå følgjande faktorar til godkjente søkjarar:

**Grunnstønad:** 5000 kroner per organisasjon

**20 %** i forhold til kor mange kommunar i Hordaland organisasjonen har medlemmer frå

**40 %** i forhold til organisasjonens samla tal på teljande medlemmer i Hordaland

**20 %** i forhold til tal på tal på kommunar organisasjonen har aktivitetar

#### **Ekstra stimulans i samsvar med føremålet for ordninga:**

**5 %** til organisasjonar der minimum 40 % av kvart kjønn er representert i styret.

**5 %** til organisasjonar der medlemmer under 26 år er representert i hovudstyret.

**10 %** der teljande medlemmer utgjer minimum 50 % av det totale tal på medlemmer i organisasjonen.

*Organisasjonar som oppnår målsetjinga med likestilling og som arbeider aktivt for rekruttering og medverknad av barn og ungdom til organisasjonslivet vil oppleve ein ekstra stimulans etter nemnte faktorar.*

Ein einskild organisasjon kan ikkje tildelast meir enn 10 % av den totale fordelingssummen.

#### **7. Klage**

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre veker.

Fristen vert rekna frå den dagen organisasjonen tok i mot melding om vedtaket. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans.

#### **8. Kontroll**

Hordaland fylkeskommune skal ha høve til å kunna ta stikkprøvekontrollar av oppgjevne medlemstal. Ved grove feil i søknaden har Hordaland fylkeskommune mynde til å trekkje all støtte til organisasjonen. Stønaden blir også trekt dersom ein organisasjon ikkje møter til avtalt tidspunkt for kontroll.